

# Rettleiar for partane og deltakarane i høve arbeid i samarbeidsutvala .

Rettleiaren er ei oppfølging av strategisk grep i felles Grunnlagsdokument der ein legg vekt på å bygge ein robust og effektiv samarbeidsstruktur.

Rettleiaren byggjer på Overordna samarbeidsavtale, pkt. 6.2 om føremål og organisering av dei fire **overordna samarbeidsutvala**:

**Føremål:** Følgje opp underordna avtaler, utvikle og styre nettverk, felles prosjekt, konkrete samarbeidstiltak m.v.

**Organisering:**

Alle kommunar i aktuelt område skal være representert i utvalet. Det skal være representasjon frå spesialisthelsetenesta i utvala i område der sjukehusa har sektoransvar. Brukarrepresentasjonen skal forankrast gjennom oppnemning av brukarrepresentant/-ar via brukarutvalet, jfr. kap.7. Arbeidstakarar skal være representert med ein representant frå kvar hovudsamanslutning. Andre samarbeidspartnarar kan kallast inn og vera representert på einskilde møte i samarbeidsutvala når dette er naturleg. Kwart Samarbeidsutval skal velje leiar og nestleiar.

**Formål med rettleiaren:**

- å sikre forankring og eigarskap til felles utfordringar
- sikre kvalitet i arbeidsprosessar, resultat/løysingar og arbeid med å implementere og følgje opp desse
- å bidra til å bygge ein robust og effektiv samarbeidsstruktur

**Ansvar**

**Partane**

- Partane må sørge for at dei representantar og vararepresentantar som vert utpeikt/ valt har nødvendige fullmakter i forhold til representasjonsoppgåva dei er sett til
- Partane skal gjensidig orientere om endringar i rutinar, organisering og liknande som kan få eller ha innverknad på områda samarbeidet omfattar.
- Partane må legge til rette for/sørge for at utpeikt/valt representant får avsett tid og ressursar til deltaking i samarbeidet og at forventningane til oppfølging undervegs i arbeidet er tydeleg kommunisert

**Representanten**

- Representanten må ha grunnlagskunnskap som gjer han/ho best mogeleg stand til å bidra i samarbeidet. Grunnlagskunnskap inneber kjennskap til og forståing for aktuell samhandlingsstruktur, for betydinga av dei prinsipp og strategiske grep som ligg nedfelt i vedteke Grunnlagsdokument for samarbeid, og for prioriteringar som er gjort i tilhøyrande handlingsplan, m.m.
- Den einskilde representant har også sjølv ansvar for å forankre oppgåver og rapportera arbeidsprosessar og løysingar hos dei han/ho representerer
- Utpeika /valt representant pliktar seg til å gjere innhald i - og konsekvensar av avgjersler/vedtak kjent og sett i verk i eigen organisasjon.